# Forskrift om opningstider for serveringsstader, samt skjenke- og salstider, Stord kommune, ~~Hordaland~~Vestland

Heimel: Fastsett av Stord kommunestyre ~~31. mars 2016~~xxx med heimel i lov 13. juni 1997 nr. 55 om serveringsvirksomhet (serveringsloven) § 15 første ledd.

**§ 1. Mål**

Målet med forskrifta er å gje serverings-, skjenke- og salsstadane gode og føreseielege rammevilkår gjennom like opnings-, skjenke- og salstider.

**§ 2. Virkeområde**

~~Med serveringsstad meiner ein alle serveringssteder der det foregår servering av mat og/eller drikke og hvor forholdene ligger til rette for fortæring på stedet, jf. serveringsloven § 2 første ledd. Forskrifta~~ Med serveringsstad ~~omfattar~~ meiner ein~~såleis serveringsstader som ikkje er gitt skjenkeløyve etter alkohollova, dvs,~~ restaurantar, spisestader, pub/bar, kafear, storkioskar, gatekjøkken, ~~potetvogner~~matvogner, pølsekioskar, bensinstasjonar ~~o. l~~som serverer mat og/eller drikke, jf. serveringslova § 2.

Med skjenkestad meiner ein serveringsstad som også har løyve til utskjenking av alkoholhaldig drikke.

Med salsstad meiner ein daglegvarebutikkar med eit breitt utval av matvarer og andre nærings- og nytelsesmiddel, som i tillegg har løyve til sal av alkoholgruppe 1.

~~Opningstidene for såkalla skjenkestader, dvs. serveringsstader som er gitt skjenkeløyve etter alkohollova, samsvarer med skjenketidene som er fastsette i Stord kommune sine alkoholpolitiske retningsliner.~~

**§ 3. Opningstider**

Serveringsstader utan skjenkeløyve kan servera mat innandørs heile døgnet. Det kan ikkje bli servert mat utandørs etter kl. 24.00 ~~kan halda ope heile døgnet. Serveringsstader kan ikkje servera utandørs etter kl. 24.00, nokon dagar,~~ .

Løyve til matservering frå serveringsluke, ut mot gate, torg, eller annan offentleg stad, kan etter særskilt og heilskapleg vurdering bli gjeve fram til kl. 04.00 natt til laurdag og natt til søndag.

For skjenkestader gjeld til ei kvar tid den opnings- og skjenketida som går fram av verksemda sitt enkeltvedtak om skjenkeløyve. Avgrensinga av opningstida gjeld likevel ikkje for overnattingsstader som kan servera mat til sine overnattingsgjester, heile døgnet.

**Commented [HS1]:** Ingen slike løyve per i dag, men ein praksis som bør bli regulert i ny forskrift.

## § 4. ~~Overnattingsstader~~Skjenketider

~~Overnattingsstader kan servera mat heile døgnet til overnattingsgjester.~~Ein serveringsstad kan søke om kommunalt løyve til utskjenking av alkoholhaldig drikke. Det kan i tillegg bli gjeve alminneleg skjenkeløyve for enkelthøve og for ein del av året.

| **Skjenkeløyve:** | **Skjenketid** | **Gjeld:** |
|---|---|---|
| Alminneleg skjenkeløyve gruppe 1 og 2<br><br>Alminneleg skjenkeløyve gruppe 3 | 11.00 -01.00<br><br>13.00 -01.00 | Alminneleg skjenketid inne og ute. |
| Natt-løyve gruppe 1 til 3 | 01.00-02.30 | Innandørs, natt til laurdag og natt til søndag, med unntak av langfredag, samt 1. juledag når denne fell på ein fredag eller laurdag.<br><br>I Stord kommune gjeld natt-løyve i tillegg for:<br>• natt til 1. mai (30. april)<br>• natt til 17. mai (16. mai)<br>• Onsdag før skjærtorsdag<br>• Natt til 3. juledag (26. des.)<br>• Natt til 4. juledag (27. des.)<br>• Natt til 1. januar (31. des.) |
| Hotell-løyve for alkoholgruppe 1 og 2, utanfor hotellet sine ordinære skjenkeområde. | Ingen omsyn til skjenketid | For hotellet sine overnattingsgjester. |

### § 4-1. Arrangement utandørs

For arrangement utandørs er skjenketida avgrensa til kl. 23.00, alle dagar.

### § 4-2. Konsumtid

Konsum av utskjenka alkohol må opphøyra seinast 30 minutt etter skjenketidas utløp. Skjenkestader som stenger før kl. 01.00, er ikkje pålagt å praktisera konsumtid.

### § 4-3. Overgang sommar- og vintertid

Ved overgang til sommar- og vintertid følgjer skjenketida realtid. Verksemdene må stansa skjenkinga på det tidspunkt klokka vert stilt frå kl. 02:00 til 03:00 eller frå kl. 03:00 til 02:00.

## § 5. Salsstider

**Commented [HS2]:** Klokkeslett for skjenkeing er i forskrifta satt i samsvar med gjeldande praksis og kommunestyrevedtak for perioden 2020 til 2024.
**Normaltid**, Alkohollova § 4-4:
Gruppe 1 og 2 frå kl. 08:00 til kl. 01:00
Gruppe 3 frå kl. 13:00 til kl. 24:00
**Maksimaltid,** alkohollova § 4-4:
Forbode med utskjenking av alkoholhaldig drikke etter kl. 03:00.

**Commented [HS3]:** Forskrift om politivedtekt Stord kommune § 2-1. Forskrift om miljøretta helsevern § 9 pkt. a.

**Commented [HS4]:** Alkohollova § 4-4, 6 ledd.

| | |
|---|---|
| Måndag til fredag | Kl. 08.00 – 20.00 |
| Laurdag | Kl. 08.00 - 18.00 |
| Dagar før heilagdagar<br>• onsdag før Skjærtorsdag<br>• nyttårsafta<br>Unntak<br>• onsdag før Kristi Himmelfartsdag | Kl. 08.00 – 18.00<br><br><br><br>Kl. 08.00 – 20.00 |
| Påske- og Pinseafta p.t. | Kl. 08.00 – 16.00 |
| Søndag, heilagdagar, 1. mai og 17. mai | Stengt |
| Julafta | Stengt |
| Valdagen | Stengt |

**§ 56. Iverksetting**

Forskrifta trer i kraft frå 1. mai 2016xxx. Frå same tid blir forskrift 1. mai 2016 21. januar 2009 nr. 93 om opningstider for serveringsstader, Stord kommune, Hordaland oppheva.

**Commented [HS5]:** **Normaltid**, alkohollova § 3-7, 1. ledd:
Kl 08:00 til kl. 18:00
**Maksimaltid**, alkohollova § 3-7, 2. ledd:
Kl 08:00 til kl. 20:00.

**Commented [HS6]:** **Normaltid**, alkohollova § 3-7, 1. ledd:
Kl. 08:00 til kl. 15:00.
**Maksimaltid,** alkohollova § 3-7, 2. ledd:
Kl. 08:00 til kl. 18:00.

**Commented [HS7]:** Lov om heillagdag og heilagdagsfred § 5, første setning: "... På jul-, påske- og pinseaften skal de stenge kl. 16. "

**Commented [HS8]:** Alkohollova § 3-7.

**Commented [HS9]:** Følgjer av tidlegare praksis og lokalt vedtak for perioden 2020-2024.

**Commented [HS10]:** Forbod mot sal av alkohol gruppe 1 på val- og røystedagar samt påske og pinseafta opphøyrde den 01.01.2016. Dette inneber at løyvehavarar kan selja alkoholhaldig drikk desse dagane dersom kommunen ikkje eksplisitt bestemmer noko anna i alkoholpolitisk plan, forskrift eller løyvevedtaket.

**Commented [HS11]:** Ved innskrenking av opningstidene, kan forskrifta tidlegast tre i kraft tre mnd. etter at vedtaket er truffet, jf. Serveringslova § 15, 3 ledd.